

SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS via Avtalegiro

Eg ønsker å gi kroner (per månad):

300,- 500,- 1000,- Annet beløp _____

Eg ønsker at gåva skal godskrivast denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

Personnummer: (Fyll ut om du ønsker skattefradrag)

KID-nummer: (Filles ut av NMS)

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTED: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____


STED/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:

NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med KAMERUN.



Kva er vi med på i Kamerun?

For 100 år sidan kom dei første amerikanske og norske misjonærane til Nord-Kamerun. I dag er Den evangelisk-lutherske kyrkja i Kamerun (EELC) ei livskraftig og nasjonal kyrkje med nær ein halv million medlemmar.

Kamerun ligg i hjartet av Afrika. Mangfold av språk, kultur og religion og enorme naturressursar pregar landet, som på tross av ressursane, ber preg av mykje fattigdom.

EELC ønskjer å bidra til positiv samfunnsutvikling og driv fleire skular, sjukhus og helseinstitusjonar, bibel- og presteskular, og språkarbeid. I tillegg til å forkynne evangeliet gjennom kyrkjelydane, ønskjer kyrkja å ta vare på skaparverket og bidra til fredeleg sameksistens mellom ulike folkegrupper, både muslimar og kristne.

NMS bidreg med støtte til utdanning av prestar og kyrklege leiarar. For NMS er dette ei viktig satsing for å få gode og kompetente kyrkjelydsleiarar framover. NMS støttar også radioen Sawtu Linjiila, som er eit samarbeid mellom protestantiske kyrkjer i Nord-Kamerun og nabolanda

Radioen er svært populær blant fulani-nomadane, og sender program med råd om dyrehald, helse- og hygiene, utdanning og med bibelundervisning.

For kyrkja er det viktig å ta vare på skaparverket. Difor mobiliserer det medlemmane til å arbeide mot avskoging og forureining. Det å minke bruk av sprøytemidlar i landbruket er prioritert. For at folk skal kunne ta vare på skogen, treng dei gode alternativ. Omnar som brukar mindre ved gir betre utnytting av energien og sørger for mindre røykskadar under matlagning.

Hørselshemma barn har inntil nyleg ikkje hatt eigne skular i Adamaua-provinsen. Døveskulen i Ngaoundere har, sidan den vart etablert for nokre få år sidan, blitt eit svært populært tilbod til barn som tidlegare var gøymd bort. Elevar med ulik religiøs bakgrunn går på skulen.

Dei siste åra har EELC vore gjennom ei alvorleg krise, men vi ser no ei svært positiv utvikling.

Oppfylging frå NMS

NETTSIDE: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet
Her er historier og informasjon frå Kamerun med oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

NYHENDEBREV: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

BESØK: Ynskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-POST: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS sentralbord)

POSTADRESSE: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger



FAKTA OM KAMERUN

Innbyggartal: 27,2 mill.

24 større språk, fransk, engelsk

Religion: Katolikkar 38,3%, protestantar 25,5%, andre kristne 6,9%, muslimar 24,4%, animistar 2,2%, andre/ingen 2,7%.

Levekår: Økonomisk framgang frå 1990-talet, oljeresursar og gode forutsetn. for jordbruk. Rikdom skjeivt fordelt. Utfordringar mht. helsetenester, rent vatn, infrastruktur, avskoging og korruksjon.

Styresett: Republikk. Svakt demokrati, mange interne konfliktar, splittelse mellom fransk- og engelsktalande område.

KILDE: WWW.FN.NO

